

# **Handlingsplan for busetting og integrering av flyktningar i Vindafjord kommune**

**2020 – 2023**

Revidert: januar 2021

# Innhald

## Innhald

Innleiing .....	3
Definisjonar .....	3
Nasjonale føringar og lovgrunnlag .....	4
Utfordringar i Vindafjord kommune.....	6
Mål for arbeidet i Vindafjord kommune.....	7
Organisering av arbeidet .....	8
Rutinar for busetting og integrering.....	9
Bustad .....	9
Etablering .....	10
Helse .....	10
Utdanning og kvalifisering .....	12
Arbeid .....	14
Fritid.....	14
Familie.....	15
Radikalisering og sosial kontroll .....	16
Bruk av tolk .....	16
Tiltak for perioda 2020-2023 .....	16
Lenker til aktuelle lovar, retningslinjer og planar .....	18

## Innleiing

Vindafjord kommune har busett flyktningar sidan 2006. Gamle Ølen kommune hadde erfaring med busetting sidan 1995, medan dette var nytt for gamle Vindafjord kommune ved samanslåinga i 2006. Vindafjord kommune har hatt ei jamn busetting med rundt 10 personar i året, men med ein topp i 2016. I perioda 2015 til 2018 vart det busett totalt 79 personar. Tendensane etter toppen i 2016 er at det er færre asylsøkarar som kjem til Noreg og at det derfor er færre busettingar ut i kommunane. Ein større del av busettingane er overføringsflyktningar. Regjeringa har tydelege føringar for busettinga i landet. Sjølv med færre busettingar i kommunen vil arbeidet med integrering vera eit viktig også i perioda framover.

Førre handlingsplan som omhandla flyktningar i Vindafjord kommune vart utarbeida for perioda 2015-2019. Ein handlingsplan skal synleggjera arbeidet med busetting og integrering i kommunen. Arbeidet med integrering av flyktningar er omfattande og skjer på tvers av mange einingar i kommunen. For å sikra at alle involverte tenester er samordna på ein effektiv og hensiktsmessig måte vil det vera naudsynt med ein oppdatert handlingsplan. Intensjonen med ein handlingsplan er å ha eit samla dokumentet som tar føre seg heile busetting- og integreringsarbeidet i kommunen. Ved å arbeida ut i frå felles definisjonar, mål og strategiar har kommunen eit godt utgangspunkt for arbeidet i perioda 2020 - 2023.

## Definisjonar

I denne handlingsplanen er følgjande definisjonar lagt til grunn. Definisjonane er henta frå SNL, UDI om IMDi sine nettsider.

### **Innvandrar**

Ein person blir rekna som innvandrar når han eller ho flyttar til eit anna land med sikte på å busette seg der. I offentleg statistikk er innvandrarar definert som personar som er født i utlandet av to utanlandskfødde foreldre og som på eit tidspunkt har innvandra til Noreg. Dersom innvandrarar får barn i Noreg blir barna definert som norskfødde med to innvandrarforeldre.

Både flyktningar, asylsøkarar, arbeidsinnvandrarar, familieinnvandrarar og utdanningsinnvandrarar blir rekna som innvandrarar dersom dei flytter inn i landet.

### **Flyktning**

Ein person vil få opphaldsløyve som flyktning i Noreg dersom han eller ho har ei godt grunnlagt frykt for forfølgning på grunn av etnisitet, avstamning, hudfarge, religion, nasjonalitet, medlemskap i ei spesiell sosial gruppe eller på grunn av politisk standpunkt, eller står i reell fare for å bli utsett for dødsstraff, tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff dersom han eller ho må reise tilbake til heimlandet.

Ein flyktning kan bli busett i kommunen etter å kome til Noreg for å søke asyl og deretter fått opphaldsløyve eller som overføringsflyktning gjennom FNs Høykommissær for flyktningar (UNHCR).

### **Asylsøkjjar**

Ein person blir kalla asylsøkjjar når han eller ho har søkt om vern (asyl) i Noreg og ikkje har fått søknaden sin endeleg avgjord. Ein person er berre asylsøkjjar frå han eller ho har meldt seg for politiet i Noreg og søkt om vern (asyl), og fram til UDI eller UNE har behandla søknaden og fatta eit endeleg vedtak.

Når asylsøkjjarar har fått endeleg svar på søknadene sine, blir dei ikkje lenger kalla asylsøkjjarar. Dersom dei får positivt svar på søknaden, får dei opphaldsløyve som flyktning eller på humanitært grunnlag. Dersom dei får endeleg avslag på søknaden frå UDI eller UNE, må dei reise ut av Noreg.

### **Familieinnvandring**

Ein person kan søkje om familieinnvandring dersom han eller ho har nær familie i Noreg. For å få familieinnvandringsløyve må alle krava i regelverket vere oppfylte. Det er ulike krav og reglar som gjeld, avhengig av kva for familiemedlem personen søkjer om familiesameining med.

Dei som søkjer om familieinnvandring er vanlegvis ektefelle eller barn av ein som allereie bur i Noreg. Andre døme er foreldre som har barn i Noreg, dei som skal gifte seg med ein person i Noreg eller er heilsøsken.

## Nasjonale føringar og lovgrunnlag

Det er Kunnskapsdepartementet som har det overordna ansvaret for integreringspolitikken i Noreg. Departementet har blant anna ansvar for busetting av flyktningar, forvaltning av statsborgarlova og introduksjonslova. Kunnskapsdepartementet har i august 2019 føreslått ny integreringslov som vil legge grunnlag for vidare arbeid med integrering i kommunane. Kunnskapsdepartementet kjem med ei rekke føringar og strategiar for korleis integreringsarbeidet skal gjennomførast. Mellom anna Regjeringas integreringsstrategi 2019-2022: integrering gjennom kunnskap. Vindafjord kommune sitt arbeid byggjer på dette.

### **Oppmoding om busetting**

Det er integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) som skal gjennomføra regjeringas integreringspolitikk. IMDi er underlagt Kunnskapsdepartementet. IMDi har fram til 2019 kome med ei oppmoding til kommunane om busetting av flyktningar. Frå 2020 vil fylkeskommunane vera ansvarlege for å vurdera og anbefala kor mange flyktningar som skal busettast i den enkelte kommune. Flyktningane blir fordelt til kommunane etter kriterium sett av Kunnskapsdepartementet. Kor mange flyktningar IMDi/fylkeskommunen ber kommunen om å busetja er avhengig av talet på flyktningar i asylmottak som ventar på å bli busett, talet på asylsøkarar som får opphald i Noreg og Stortinget si avgjersle på kor mange overføringsflyktningar Noreg skal ta i mot.

Oppmodinga frå IMDi/fylkeskommunen skil ikkje mellom busetting frå asylmottak eller overføringsflyktningar. Dersom kommunen blir bedt om å ta i mot einslege mindreårige flyktningar blir dette spesifisert. Familiemedlem som får familieinnvandringsløyve blir ikkje busett gjennom IMDi og inngår ikkje i oppmodinga.

På bakgrunn av IMDi/fylkeskommunen si oppmoding fattar kommunen vedtak om å busette eit bestemt tal flyktningar.

### Introduksjonsprogram

Nybusette flyktningar og deira familiesameinte som har rett og plikt til grunnleggjande kvalifisering deltek i introduksjonsprogram i kommunen dei er busett i. Målet er at dei skal læra seg norsk og komme raskt ut i arbeid eller utdanning. *Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere* (introduksjonsloven) set føringar for korleis kommunen skal gjennomføra introduksjonsprogrammet. Deltakarar i introduksjonsprogrammet har rett på introduksjonsstønad.

### Integreringstilskot

Integreringstilskotet skal dekkja kommunen sine gjennomsnittlege meirutgifter til busetting og integrering av flyktningar. Det skal bidra til at flyktningane snarast mogleg kan forsørgja seg sjølv og ta del i samfunnet. Alle kommunar som busett flyktningar får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Satsane er styrt av kva år personen vart busett. Tilskotet blir som hovudregel utbetalt i 5 år. Satsane for integreringstilskotet blir fastsett årleg i statsbudsjettet.

**Tabell 1: Satsar for integreringstilskot for 2019 henta frå imdi.no**

TILSKUDD	BOSETTINGSÅR	BOSETTINGSÅR
Integreringstilskudd	År 1 (2019)	237 000 kroner (enslige voksne)
Integreringstilskudd	År 1 (2019)	190 500 kroner (voksne)*
Integreringstilskudd	År 1 (2019)	187 000 kroner (enslige mindreårige)**
Integreringstilskudd	År 1 (2019)	190 500 kroner (barn)*
Integreringstilskudd	År 2 (2018)	242 000 kroner
Integreringstilskudd	År 3 (2017)	172 000 kroner
Integreringstilskudd	År 4 (2016)	85 500 kroner
Integreringstilskudd	År 5 (2015)	71 600 kroner
Barnehagetilskudd	År 1 (2019)	26 000 kroner (engangstilskudd)
Eldretilskudd	År 1 (2019)	171 800 kroner (engangstilskudd)

\* Personer regnes som voksne fra og med det året de fyller 18 år.

\*\* Enslige mindreårige flyktninger utløser integreringstilskudd år 1 med sats for enslige mindreårige flyktninger. Dette gjelder også enslige mindreårige flyktninger som har fylt 18 år ved bosetting.

Kommunen kan søka om ekstra tilskot for einslege mindreårige flyktningar og flyktningar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar.

## Norskopplæring

Personar som blir busett i kommunen som er mellom 16 og 67 år har som regel rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kompetanse Norge har det pedagogiske ansvaret for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Introduksjonslova stiller eit minstekrav om opplæring i norsk og samfunnskunnskap som kommunane pliktar å tilby. Det blir stilt krav om norskopplæring ved søknadar om permanent opphaldsløyve og statsborgarskap. Kommunen mottek eit tilskot for norskopplæring for vakse innvandrarak. Tilskotet er delt i persontilskot og grunnstilskot. Det er ulike satsar etter landbakgrunn og personar i målgruppa.

**Tabell 2: Satsar for persontilskot i 2018 henta frå imdi.no**

TYPE PERSONTILSKUDD	LAV SATS	HØY SATS
Persontilskudd år 1 (2019)	13 900 kroner per person	32 300 kroner per person
Persontilskudd år 2 (2018)	25 000 kroner per person	64 500 kroner per person
Persontilskudd år 3 (2017)	15 600 kroner per person	45 000 kroner per person

**Tabell 3: Satsar for grunntilskot 2018 henta frå imdi.no**

ANTALL PERSONER I MÅLGRUPPA	SATS
1-3 personer	185 000 kroner totalt
4-150 personer	575 000 kroner totalt
flere enn 150 personer	ingen grunntilskudd

## Utfordringar i Vindafjord kommune

Vindafjord kommune har gode rutinar for busetting og integrering av flyktningar i kommunen. Det er likevel nokre utfordringar ein har arbeida med over tid, medan andre utfordringar oppstår undervegs.

### Lokasjon

Ein av utfordringane i Vindafjord kommune er sjølv lokaliseringa av busettinga i kommunen. Fram til no har busettinga i hovudsak føregått i Ølen sentrum. Dette har vært praktisk med tanke på deltaking i introduksjonsprogram, vaksenopplæring, velkomstklasse og andre kommunale tenester. Resultatet av dette er mellom anna at barnehagen i Ølen har svært liten kapasitet til å ta i mot nye born. Busetting i Ølen har også resultert i at Ølen skule har fått mange framandspråklege elevar samanlikna med andre skular i kommunen. Dette kan i visse tilfelle krevje ekstra ressursar og eit anna behov for opplæring. Det har i periodar vært vanskeleg å finne passende bustadar i Ølen sentrum til ein rimeleg pris. Tilgangen til bustadar har vært påverka av eksterne faktorar som mellom anna arbeidsmarknaden. På noverande tidspunkt er ikkje tilgangen på bustadar i Ølen ei stor utfordring. Frå 2020 skal det aktivt arbeidast for å busetje flyktningar også i andre bygder i kommunen. Ei ny utfordring vil difor no vera å finne høvelege bustadar i andre bygder som er

lokalisert i nærleiken av skule, barnehage, butikk og tilgang til kollektivtransport. For å lukkast med dette er vi avhengig av at private huseigarar vil leige ut til flyktningar.

### *Arbeid og kvalifisering*

Mange av flyktningane som blir busett i Vindafjord kommune kjem til Noreg med ingen eller lite utdanning og formell kompetanse. I tilfelle der personen har utdanning frå heimlandet er det ikkje alltid utdanninga blir godkjent i Noreg eller tilsvarar same nivå som ei norsk utdanning. I ein arbeidsmarknad der det blir stilt stadig strengare krav til utdanning vil det for mange vera vanskeleg å komma i arbeid. Mange har behov for eit langt kvalifiseringsløp, også etter at introduksjonsprogrammet er fullført. Dette kan vera utfordrande å få til både med tanke på økonomi, tidsperspektiv, motivasjon, helse og andre faktorar. Dette fører igjen til behov for arbeidsoppfølging hos NAV, sosiale tenester i form av sosialhjelp, norskopplæring og grunnskule frå vaksenopplæringa og behov for arbeidstreningsplassar og lærlingplassar i både kommunale einingar og private bedrifter. Resultata etter introduksjonsprogrammet syner at mange går over til grunnskule eller vidaregåande skule ved fullført program. Mange må til Haugesund eller andre byar for å ta utdanning, og dette ender i nokre tilfelle med at dei ikkje kjem tilbake til Vindafjord.

### *Samansette utfordringar*

Busetting av flyktningar inneber også busetting av personar med helseutfordringar og andre samansette utfordringar. Det er ikkje ukjent av flyktningar kan ha med seg eller utvikle ulike utfordringar knytt til helse, familie eller andre delar av livet etter busetting. Det kan vera vanskeleg å fanga opp kva som er utfordringa og sette inn førebyggjande tiltak.

Både barneverntenesta, familieteamet og helsestasjonen i Vindafjord kommune kjem i kontakt med familiar der alvorlege krigs- og flukttraume skapar utfordringar. Tiltaka kan være særleg omfattande, langvarige og kompliserte. Sjølv om kommunen nyttar ressursar og innehar kompetanse om temaet viser det seg å vera vanskeleg å finne gode tiltak til familiar med denne typen utfordringar.

Psykisk sjukdom er eit tema som kan vera vanskeleg å formidla til busette flyktningar. Sjølv om det blir snakka om i kontakt med helsevesenet kan det vera sjukdom og psykiske utfordringar som ikkje blir fanga opp. Psykisk sjukdom kan vera tabubelagt og nokre språk manglar ord og uttrykk som forklarar det mentale hos menneske.

## Mål for arbeidet i Vindafjord kommune

Mål for busettings- og integreringsarbeidet i Vindafjord kommune er styrt av mål i kommuneplanen for 2017 - 2029. Vindafjord skal vera ein kommune der folk ynskjer å bu og ta del i arbeids- og samfunnslivet. For å oppnå dette krev det innsats og engasjement frå heile kommunesektoren og lokalbefolkninga.

Eit av satsingsområda i kommuneplanen er levande bygder. Dette gjeld også for busettings- og integreringsarbeidet. Vindafjord kommune har eit mål om ei årleg befolkningsvekst på 1%. Målet er at fleire skal busette seg i kommunen, og dette inkluderar arbeidsinnvandrar og flyktningar.

Kommunale tilbod retta mot målgruppa skal derfor prioriterast. Vindafjord kommune ynskjer å ha levande bygder i alle delar av kommunen. For å sikre god busetjing i fleire bygder i kommunen må det leggjast til rette for at busettinga kan skje på gode måtar også i andre bygder enn Ølen. Ein avgjerande faktor er då tilgangen til barnehageplassar. Vindafjord kommune har som mål at det skal vera full barnehagedekning og at nybusette flyktningar skal få raskt plass for å kunne starte i introduksjonsprogrammet. Det er eit mål at nybusette flyktningar skal leige på det private bustadmarknaden og at dei på sikt skal kunne kjøpe seg eigen bustad. Bustadsosial handlingsplan skal vera ein pådrivar for dette. Det er eit mål at busette flyktningar skal bli buande i kommunen også etter introduksjonsprogrammet. For å skape eit ynskje om å bli verande må det vera jobbmoglegheiter i bygdene og Vindafjord kommune som ein av dei største arbeidsgivarane i kommunen må arbeida aktivt for dette. For å sikre gode levekår er ein også avhengig av frivillige og eit raust lokalsamfunn som ynskjer inkludera nybusette i bygda.

Eit anna mål i kommuneplanen er at Vindafjord kommune skal vera eit opent og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking. Dette er også eit svært sentralt mål for integreringsarbeidet i kommunen. For å lukkast med integrering må kommunen tilby eit godt introduksjonsprogram som kvalifiserar deltakarane for arbeid eller utdanning. Eit godt samarbeid mellom NAV og vaksenopplæringa står sentralt i dette arbeidet. For å auke kvalifiseringa av flyktningar må dei sikrast god norskundervisning og samfunnskunnskap, moglegheita for grunnskule og/eller vidaregåande opplæring og erfaring frå arbeidslivet gjennom praksis. Alle einingar i kommunen må vera villige til å bidra inn i dette arbeidet. Det må leggjast til rette for både arbeidstreningsplassar og lærlingplassar for å sikra tilknytning til arbeidslivet også i eit opplæringsperspektiv. I tilfelle der utdanning ikkje er målet må det arbeidast for at ufaglærte flyktningar kan verta kvalifiserte for stillingar utan formelle krav slik at dei konkurrerer på lik linje som andre ufaglærte. Vindafjord kommune skal støtte opp om tiltak og frivillig verksemd retta mot innvandrarak og flyktningar for å gjere denne gruppa aktive og til sjølvstendige deltakarar i lokalsamfunnet.

Det er også eit mål i kommuneplanen at enkeltmenneska i størst mogleg grad skal meistre eigne liv. Alle skal sikrast naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Busette flyktningar har rett til å nytta seg av dei eksisterande tilboda i Vindafjord kommune. Ved behov for tilpassa tenester retta mot flyktningar skal overgang til ordinære tenester vera eit mål. Vindafjord kommune bør ta sikte på å tidleg kunne tilby samordna oppfølging frå dei einingane som kan tilby tenester til personen eller familien som har behov for oppfølging for å meistra eigne liv.

*Konkrete tiltak knytt til måla er skissert i tiltaksliste til slutt i planen.*

## Organisering av arbeidet

Hovudansvaret for busetting av flyktningar i Vindafjord kommune ligg hos integreringstenesta ved NAV Vindafjord. Integreringstenesta har i per dag (2019) 3,6 årsverk. Dette inneber stillingar som fagansvarleg (30%), rettleiar for økonomi og arbeid (70%), programrådgivar (100%), miljøarbeidar (100%) og familiekonsulent (60%). Det føreligg ein samarbeidsavtale mellom NAV Vindafjord og integreringstenesta signert av fylkesdirektør i NAV Rogaland og rådmann i Vindafjord kommune.

Integreringstenesta koordinerar ei tverrfagleg gruppe der representantar frå vaksenopplæring, skule, barnehage, helsestasjon og frivilligsentralen er representert. Ved busetting av barnefamiliar blir aktuelle einingar invitert til informasjonsmøte i førekant av busettinga.

Ved helsestasjonen er det ei 50% stilling som helsesjukepleiar retta mot flyktningar. For å kunne gjennomføre introduksjonsprogrammet er Vaksenopplæringa i kommunen svært sentral. For å sikre norskopplæring for barn i grunnskulealder er velkomstklassen oppretta.

Alle einingar i kommunen er ansvarlege for busette flyktningar på same måte som dei er ansvarlege for andre innbyggjarar i kommunen. Likeverdige tenester handlar ikkje om å behandla alle likt, men om å ta omsyn til at folk er ulike og tilpassa tilbodet etter folks behov. I avsnitta under vil det kome meir informasjon om korleis utvalde einingar utøv sine tenester i busetting- og integreringsarbeidet.

## Rutinar for busetting og integrering

### Bustad

#### **Bustadtypar**

Ved oppmoding om busetjing vil integreringstenesta finne passande bustad før busettinga skjer. Som hovudregel skal private bustadar nyttast. Kommunen leiger inn bustad medan ein ventar på busetting, og formidlar så leigekontrakt mellom nybusette og huseigarar ved innflytting. Det kan bli behov for ulike størrelsar, men i mange tilfelle er bustadar med fleire soverom mest aktuelle då desse kan nyttast til både familiar og som kollektiv for einslege. Dersom det på førehand kjem fram at det er personar med store hjelpebehov eller andre utfordringar kan det blir søkt om kommunal bustad.

Kommunen sin bustadsosiale handlingsplan for perioda 2018-2022 er sentral for arbeidet med busetting og integrering av flyktningar i kommunen. Bustadsosialt arbeid omfattar alt frå å skaffa bustader til å auka føresetnaden den einskilde har for å meistra butilhøvet og kvardagen, slik at flest mogleg kan skaffa og oppretthalda ein bustad og ein god bustadsituasjon. Målet er at busette flyktningar på sikt skal kunne kjøpe og eige sin eigen bustad.

#### **Lokasjon**

Ved behov nyttast annonsering i lokalavisa for å få ei oversikt over ledige bustadar og for å finne utleigarar som er interessert i å leige ut til flyktningar. Målet frå 2020 er å spreie busetjinga til ulike bygder i kommunen. Det er visse føresetnadar som er avgjerande for kva bustadar som er aktuelle. Det er viktig med tilgang til kollektivtransport då innhaldet i introduksjonsprogrammet og andre kommunale tenester held til i Ølen sentrum. Ved busetjing av barnefamiliar må det vera barnehage og/eller skule i nærleiken av bustaden. Det vil vera ein fordel med daglegvarebutikk i gangavstand frå bustaden. Det må vera mogleg for ein barnefamilie å levera barn til barnehage/skule, for så å ta buss til vaksenopplæringa som startar 08.15 i Ølen.

## Etablering

Ved busetting av flyktningar i kommunen vil integreringstenesta på førehand kjøpe inn det mest naudsynte til bustaden, klede og noko mat. Ved innkjøp til bustad blir dette gjort på rimelegaste moglege måte. Det vil i hovudsak bli nytta lokale butikkar så langt det lar seg gjer praktisk og økonomisk. Møblar og utstyr kan og bli kjøpt brukt. Det som blir kjøpt inn blir flyktningen sitt og kan takast med ved ei eventuell flytting. Innkjøp av klede blir tilpassa alder og årstid.

## Helse

Flyktningar og familiesameinte har same rett til helsetenester som andre innbyggjarar i kommunen. Rettane omfattar både somatisk og psykisk helsehjelp frå kommune- og spesialisthelseteneste. Det vert søkt om fastlege kort tid etter busetting. Det skal vera låg terskel for å ta kontakt med helsesjukepleiar i 50% stilling som er tilgjengeleg i introduksjonsperioda ved helsestasjon og vaksenopplæringa. Helsepersonell har ansvar for å vurdere behovet for å bestille kvalifisert tolk i møte med pasient med avgrensa norskkunnskapar for å utøva informasjons- og veiledingsplikta.

Ved behov for samansett oppfølging skal tenestekontoret i kommunen bidra til å koordinera helsetenestene. Ved behov blir det oppretta ansvarsgrupper og/eller individuell plan.

## Førstegongsundersøking

Ved busetting skal flyktningane og familiesameinte gjennom ei førstegongs helseundersøking. Førstegongsundersøkinga inneheld mellom anna tuberkuloseundersøking og vaksinekartlegging. I tillegg blir det gjort opp status på allmenn helsetilstand. Den obligatoriske tuberkuloseundersøkinga omfattar alle asylsøkarar og flyktningar, og andre nyankomne som kjem frå land med høg førekomst av tuberkulose. Tuberkuloseundersøkinga skal gjennomførast så snart som mogleg, med ein absolutt frist på 14 dagar, jf. tuberkuloseforskrifta § 3-2 . Folkehelseinstituttet definerer innhaldet i den obligatoriske tuberkuloseundersøkinga.

Helsedirektoratet anbefalar at kommunane ved tre månadar etter ankomst til landet tilbyr ei helseundersøking til alle flyktningar og familiesameinte for å kartlegga helsetilstand og eventuelle behov for psykisk og/eller somatisk oppfølging. Helsedirektoratet har utarbeida eit skjema for helseundersøking som vert nytta som hjelpemiddel.

Helseundersøkinga omfattar:

- Kartlegging av eksponering og risiko for tuberkulose
- Tilbod om vaksinasjon til uvaksinerte
- Tilbod om testing for HIV, hepatitt B og C og syfilis
- Enkel undersøking og observasjon av allmenn helsetilstand, hud og munnhole
- Spørsmål om eigenvurdert helse
- Spørsmål som kan avdekke traumatiske erfaringar og moglege psykiske helseplager som treng helsefagleg oppfølging.
- Spørsmål om kronisk eller smittsam sjukdom
- Spørsmål om behov for/bruk av faste medisinar
- Spørsmål spesifikt om prevensjon og informasjon om korleis ein kan få tilgang til prevensjonsmiddel

Helseundersøkinga kan utførast av lege, sjukepleiar eller helsesjukepleiar. Ved helsestasjonen har sjukepleiar og smittevernlege eit nært samarbeid. Det vert gjennomført tidleg kartlegging og anamnese hos sjukepleiar før rutinemessig legeundersøking blir gjennomført innan 3 månader. Personar med teikn på sjukdom vert tilvist lege tidlegare. Ved behov for vidare oppfølging vil fastlege bli kopla på. Helsepersonell sørger for tilrettelagt informasjon om rett til helsehjelp, helsetenestene og korleis ein går fram for å få hjelp ved sjukdom.

### **Smittevern**

Helsestasjon kallar inn til kartlegging av vaksinebehov og gjennomfører naudsynt vaksineringsprogram. Barn blir vaksinert ut frå helsekort eller barnevaksinasjonsprogram frå heimlandet. Oppvaksining av barn etter det norske barnevaksinasjonsprogrammet startast opp snarast mogleg etter busetting, fortrinnsvis ved ankomst til Noreg for barn under 2 år. For alle andre barn anbefalast oppstart innan 3 månadar etter ankomst til Noreg.

Vaksne som ikkje har hatt meslingar og rubella eller er vaksinert mot sjukdomane får tilbod om MMR- vaksine innan 3 månadar og seinast 1 år etter busetting. Vaksne som ikkje er vaksinert med inaktivert poliovaksine blir tilbudd vaksine innan 3 månadar og seinast 1 år etter busetting. Alle som blir busett i Vindafjord får tilbod om gratis hepatitt B-vaksine dersom antistoff er negativ etter blodprøvetaking.

### **Psykisk helse**

Flyktningar kan ha alvorlege fysiske og/eller psykiske helseproblem ved busetting i kommunen. Noko kjem tidleg fram, medan andre utfordringar ikkje kjem fram før seinare. Flyktningar kan ha vanskelege opplevingar og traume med seg. Posttraumatisk stress-syndrom (PTSD), angst og depresjon førekjem hyppig i denne gruppa. Det må i kvart enkelt tilfelle vurderast om ein allereie i førstegongsundersøkinga stiller spørsmål om traumatiske erfaringar, eller om ein vel å overlate dette til fastlege/DPS. Personar som då visar teikn til psykisk sjukdom blir tilvist til undersøking hos fastlege innan tre veker. Personar som visar teikn til meir alvorleg psykisk sjukdom blir tilvist til DPS for snarleg konsultasjon.

Ved behov for oppfølging på grunn av psykiske utfordringar kan også psykisk helseteneste i kommunen bli kopla på. Personar kan sjølv søka om tenester eller bli tilvist av andre kommunale einingar. Psykisk helse kan tilby aktivitet ved dagsenteret i Sandeid og individuell oppfølging.

Ved utfordringar med den psykisk helsa er det svært viktig med godt samarbeid mellom ulike kommunale einingar. Ved behov vil de bli opprett ansvarsgrupper for å sikre dette. Dersom det er familiar med barn kan det vera aktuelt med tiltak frå barneverntenesta.

### **Tannhelse**

Fylkeskommunen har ansvar for å tilby tannhelsehjelp. Ved busetting hjelper integreringstenesta flyktningen å bestille seg time hos tannlegen. Det skal i hovudsak nyttast offentleg tannlege. Første undersøking blir dekkja av kommunen.

## Utdanning og kvalifisering

### Introduksjonsprogram

Introduksjonsprogrammet er kommunen sitt verkemiddel for å kvalifisera busette flyktningar og deira familiesameinte mellom 18 og 55 år. Introduksjonsprogrammet er eit kommunalt tilbod og er styrt av introduksjonslova. Formålet er å styrka nybusette innvandrara si moglegheit for deltaking i yrkes- og samfunnsliv, og deira økonomiske sjølvstende. Eit vilkår for å ha rett til introduksjonsprogram, er at den busette flyktningen har behov for grunnleggjande kvalifisering. Kommunen vurderer om personen er i målgruppa for ordninga og fattar eit vedtak om tildeling av program.

Hovuddelen av programmet skal bestå av opplæring i norsk og samfunnskunnskap og arbeids- eller utdanningsretta tiltak. Programmet kan mellom anna innehalde norskopplæring, samfunnskunnskap, grunnskule, vidaregåande opplæring, praksis og andre tiltak. Opplæring og tiltak skal beskrivast og bli grunna i ein individuell plan som er utarbeida i fellesskap med programrådgivar og tilpassa den enkelte deltakar

Programmet varer som hovudregel i inntil to år, men det kan vera kortare dersom personen ikkje lengre har behov for å delta i programmet. Programtida kan forlengjast med inntil eitt år etter behov. Programrådgivar ved integreringstenesta har hovudansvaret for koordinering av programmet.

### Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa tilbyr opplæring i norsk og samfunnskunnskap for busette flyktningar og andre vaksne innvandrara samt grunnskuleopplæring for vaksne. Norskopplæringa er på nynorsk. Personar som etter 1. januar 2012 har fått si første opphaldsløyve som gir dei rett og plikt, skal gjennomføra 550 timar i norsk og 50 timar i samfunnskunnskap. Kommunen skal som hovudregel tilby minst 600 timar opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Ved behov kan dei søka om fleire timar og dei kan få inntil 3 000 timer opplæring og inntil 5 år.

Opplæringslova §4A-1 og 4A-2 gir vaksne rett til opplæring i fag og eller grunnleggjande dugleikar på grunnskulen sitt område. Opplæringa kan bli gitt som spesialundervisning og eller som ordinær undervisning i fag eller grunnleggjande dugleikar. Vaksenopplæringa i Vindafjord kommune gir opplæring i dei fem grunnskulefaga og grunnleggjande ferdigheiter innan nivå 1.- 7. trinn. Grunnskule for vaksne kan kjøpast av andre kommunar ved behov. Vindafjord kommune kjøpar i dag plassar for eksamensretta grunnskule ved Breidablikk læringscenter i Haugesund.

Som viktig tiltak og tidleg innsats har vaksenopplæringa tilbod om 30 timar opplæring i veka på skulen. Fordelinga er om lag 18 timar norsk og 12 timar andre fag som matte, naturfag, samfunnsfag og engelsk. I tillegg legg ein vekt på bruk av IKT og tema knytt til arbeidslivet. Det er seks lærarar fordelt på 5,5 årsverk. Samarbeidet med programrådgjevar er avgjerande for at framdrift og tilpassa tiltak skal skje i tråd med eleven sine føresetnader og behov.

### Barnehage

Barnehageplass vert søkt om der barna bur. Familiekonsulent i integreringstenesta kan fungera som eit bindeledd mellom barnehage og foreldre ved behov. Tilgangen til barnehageplass vil vera avgjerande for kvar barnefamiliar blir busett. Då dei fleste barna av busette flyktningar per i dag går i Ølensjøen FUS barnehage er kommunen med på å finansiera pedagogstilling i denne barnehagen. Barnehage- og skulebruksplan skal reviderast i 2020. Dette vil kunne føre til endringar i korleis barnehagar er ein del av busetting- og integreringsarbeidet.

For at kommunen skal følgje lov om introduksjonsprogram skal introduksjonsprogrammet startast så snart som mogleg eller innan tre månadar etter busetting. Ein praktisk føresetnad for deltaking er forsvarleg barnetilsyn. Introduksjonslova slår fast: "Personer med rett og plikt til introduksjonsordning bør være en prioritert gruppe både for å få barnehageplass til sine barn og for å ha mulighet til redusert foreldrebetaling. Disse representerer en stor gruppe innvandrere som staten og kommunene har et særskilt integreringsansvar for. Dersom intensjonen med loven skal nås, forutsetter dette at kommunene sikrer barnehageplass til barna i disse familiene."

Vindafjord kommune har ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid som eit tilbod som alle kommunens innbyggjarar kan søka om.

## **SFO**

Bruk av SFO vil bli gjort på skulen der eleven høyrer til og vil i mange tilfeller vera naudsynt for at foreldre skal kunne delta i introduksjonsprogrammet. Nybusette blir oppfordra til å søke inn elevar på SFO frå 1. til 4. klasse. Ved ledig kapasitet kan nybusette bli tatt inn utanom hovudopptaket.

## **Grunnskule**

Barn i grunnskulealder har rett til å starte på grunnskule snarast mogleg etter busetting. Dei blir tatt inn ved skulekrinsen som tilhøyrar bustad. Elevar kan få tilbod om velkomstklasse ved Ølen skule. Det er opplæringslova som fastset retten til opplæring for alle barn i Noreg. Kommunen er plikta til å tilby elevar i grunnskulen særskilt norskopplæring fram til dei har tilstrekkelege kunnskapar til å følgja den vanlege undervisninga. Elevar kan og ha rett på tospråkleg fagopplæring og morsmålsundervisning. Ved behov blir det søkt om at elevar startar i ein klasse lågare enn alder skulle tilseie.

Då barnehage- og skulebruksplan skal reviderast i 2020 vil det kunne medføre endringar i skuletilbodet i Vindafjord kommune.

## **Velkomstklasse**

Velkomstklassen er eit tilbod til elevar i grunnskulen. Tilbodet er lagt til Ølen skule, men elevar frå heile kommunen kan søkast inn. Velkomstklassen skal ha tilsette med vidareutdanning i undervisning i norsk for minoritetsspråklege. Kommunal rettleiar for minoritetsspråkleg opplæring skal reviderast i 2020.

## **Vidaregåande skule**

Rogaland fylkeskommune er ansvarleg for vidaregåande skular i Rogaland. Integreringstenesta kan rettleia nybusette i kva rettar og pliktar dei har. Ved behov har Ølen vidaregåande skule drive innføringsklasse for elevar som skal forbereda seg til vidaregåande skule. Tilbodet utgjekk frå hausten 2019. Ved eit auka fokus på å nytta vidaregåande skule som ein del av introduksjonsprogrammet og prosessen for å kvalifisera flyktningar vil det framover truleg bli eit tettare samarbeid mellom kommunen, NAV og fylkeskommune om vidaregåande opplæring.

## Arbeid

### Introduksjonsprogram

Eit viktig fokusområde i introduksjonsprogrammet er å læra om det norske arbeidslivet. Det vil bli gitt informasjon om rettar og plikter i arbeidslivet og det er fokus på uformelle normer på ein arbeidsplass. Ein viktig del av mange deltakarar sitt introduksjonsprogram er praksis. Både private og kommunale arbeidsplassar blir nytta til dette. Kommunale einingar bør leggje til rette for at deltakarar skal kunne ha praksis ved kommunale arbeidsplassar. Praksis blir gjennomført både for å læra språket, lære om arbeidslivet og for å få erfaring frå ein norsk arbeidsplass.

### NAV

Integreringstenesta er lagt til NAV i Vindafjord kommune. Dette sikrar tett samarbeid og fokus på arbeid frå starten av. NAV Vindafjord har arbeidsmarknadskompetanse og verkemiddel som kan nyttast inn i introduksjonsprogrammet. Rettleiar for arbeid og økonomi og programrådgjevar har faste møter med rekrutteringskontakt i NAV for å halde seg oppdatert på arbeidsmarknad, ledige stillingar og framtidige behov.

### Lokalt næringsliv

Vindafjord kommune har eit rikt næringsliv. Både integreringstenesta og NAV nyttar private bedrifter til praksis/arbeidstrening. NAV samarbeidar om inkluderingsdugnad og har mellom anna tett kontakt med Fikse næringsforening. Inkluderingsdugnaden er eit nasjonalt satsingsområde som har som mål å inkludere fleire inn i arbeidslivet. Satsinga gjeld mellom anna personar med fluktbakgrunn, unge med hol i CV-en, personar med nedsett funksjonsevne og personar med utfordringar knytt til rus eller psykisk helse.

## Fritid

### Fritidsaktivitetar og kulturliv

Miljøarbeidar for bustad og fritid har eit ekstra ansvar for å følgje opp at busette flyktningar får moglegheita til å delta i fritidsaktivitetar. Det er eit ekstra fokus på barn og unge raskt skal kunne delta i aktivitetar dei ynskjer.

Vindafjord kommune har fokus på Frivillighetserklæringen og nyttar seg av informasjon- og handlingsverktøyet; ALLEMED. Lokale lag og organisasjonar er invitert til å vera med på dugnaden for å sikre alle barn og unge i kommunen eit godt fritidstilbod. Det skal tilsetjast ein ALLEMED-koordinator i 50% stilling for eit år.

Kulturskolen er ein del av kommunen sitt opplæringstilbod. Gjennom ordinær opplæring og ulike prosjekt arbeidar kulturskolen for å nå ut til minoritetsspråklege elevar i kommunen. I tillegg ønskjer ein blant anna å etablere mor og barn grupper.

Biblioteket er ein viktig møtestad for alle innbyggjarar i Vindafjord og derfor også viktig i arbeidet med å busette flyktningar. Her er det blant anna mogleg å låne bøker på andre språk enn norsk og i nokre tilfelle kan det bestillast eit depot bøker på ganske mange språk. Frå og med hausten 2019 er språktreffa på biblioteket arrangert i samarbeid med vaksenopplæringa.

Lokale lag og organisasjonar er sentrale i arbeidet med integrering. Kyrkjetunet i Ølen har mellom anna internasjonalt treffpunkt ein gong i veka. Mitt fargerike nabolag arrangerer integreringsdag årleg med mat frå heile verda. Det er privatpersonar som har tatt initiativ til fredagsamlingar med idrett der dei har ekstra fokus på inkludering av flyktningar. Mange busette flyktningar er medlem av lag og organisasjonar og deltar i aktivitetar på lik linje med andre innbyggjarar.

### **Frivilligsentralen**

Frivilligsentralen bidrar til inkludering i eksisterande fritidstilbod og driftar egne tilbod. Frivilligsentralen og integreringstenesta samarbeidar om ferietilboda “Camp Vindafjord” og “Kongesommar”. Tilboda er opne for alle barn i kommunen, men barn av flyktningar blir spesielt oppfordra til å delta. Frivilligsentralen held teoriøving for førarkort spesielt retta mot minoritetsspråklege. Frivilligsentralen søker om midlar hos ulike stiftingar og offentlege aktørar til ulike prosjekt som kan vera med å sikra deltaking i aktivitetar.

## **Familie**

### **Barnevern**

Barneverntenesta fyljer opp busette familiar som har behov for tenesta på lik linje med andre familiar i kommunen. Barnevernet har tre tilsett som er under vidareutdanning i «barnevern i eit minoritetsperspektiv». Barneverntenesta jobbar målretta for å utvikle og utvide heimebaserte tiltak, også i familiar der vanskane er omfattande og omsorgsvilkåra ikkje er tilfredsstillande slik beskrive i lov. Førebygging i denne samanhengen er førebygging av plassering utanfor heimen. Barnevernet har erfaring med arbeid med barn med alvorlege krigs- og fluktraume, men har utfordringar med å tilby tilpassa tiltak for denne gruppa. For å unngå at busette familiar får ein redsel for kontakt med barnevernet skal barnevernet har moglegheita til presentere seg sjølv direkte til familiar og i felles undervisning ved vaksenopplæringa.

### **Familieteam**

Familieteamet driv rettleiing av familiar som har behov for det etter helselovgivinga. Det er kjend at å vera foreldre i eit nytt land kan skape mange utfordringar. Foreldre i busette familiar blir oppfordra til å kontakte familieteamet dersom dei ynskjer rettleiing. Andre einingar kan tilvisa familiar vidare til familieteamet.

Familieteamet driv og endringstiltak etter barnevernlovgevinga organisert i ein bestillar/utførar-modell. Tiltaka til familiar med krigs- og fluktraume kan vera omfattande, langvarige og kompliserte. I nokre tilfelle vil barneverntenesta kjøpe tenester frå ideelle/private aktørar.

## Helsestasjon

Helsestasjonen sine tenester for familiar blir tilbudd på lik linje til busette flyktingar som befolkninga elles.

Helsestasjonen har som mål å kunne gjennomføre opplæring i ICDP (International Child Development Program), men det er naudsynt å sette av ressursar til dette. ICDP gjer det mogleg å halde foreldrerettleiingsprogram som rettar seg spesielt mot foreldre med minoritetsbakgrunn. Målet med kurset er å styrka omsorga og oppveksten for barn og unge. Dersom Vindafjord kommune kan tilby dette kan det inngå som ein del av introduksjonsprogrammet.

## Radikalisering og sosial kontroll

Etne kommune og Vindafjord kommune har i samarbeid med politiet utarbeida ein handlingsplan for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme. Denne inneheld informasjon om korleis ein kan oppdage, førebygge, møte og følgje opp radikalisering og valdeleg ekstremisme.

Helsestasjon har sett i gong ei arbeidsgruppe som skal sette fokus på førebygging av negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

## Bruk av tolk

Som offentlig tenesteytar skal ein informera og rettleia personar med ulike språknivå. Det er tenesteytaren som har ansvaret for å finne ut om det er naudsynt med tolk og gjennomføre bestillinga. Fleire sektorar har eigne retningslinjer for bruk av tolk. Det gjeld mellom anna helsedirektoratet, utdanningsdirektoratet og NAV.

Vindafjord kommune har avtale med Noricom for kjøp av tolketenester. Det er mogleg å bestilla oppmøtetolk, telefontolk og omsetjing av dokument. Det bør nyttast kvalifisert tolk når det er hensiktsmessig. Det er forbod mot å nytta barn som tolk.

## Tiltak for perioda 2020-2023

For å nå måla for busetting- og integrering vil det vera avgjerande med gode tiltak i perioda 2020 til 2023. Tabellen under skisserer utvalde satsingsområde for denne perioda. Tiltakslista kan bli revidert og utvida i løpet av perioda.

Tiltak	Beskriving	Hovudansvar	Satsingsperiode
Spreie busettinga til fleire bygder i kommunen	Skaffe høvelege bustadar i Vikedal for busetting i 2020. Vurdere andre bygder vidare.	Integreringstenesta	2020-2023
Barnehagetilbod i alle eigna bygder	Sikre tilbod om barnehage i bygder som er aktuelle for busetting	Rådgjevar for barnehage	2020 - 2023
Språkpraksisplassar og	Kvar eining i kommunen må legge til rette for språkpraksisplassar og arbeidstreningsplassar både for	Einingsleiarar	2020-2021

arbeidstreningsplassar i kommunal sektor	deltakarar i introduksjonsprogrammet og andre tiltak gjennom NAV		
Lærlingplassar i kommunal sektor	Kommunen må vera ein tilbydar av lærlingstillingar både til personar med ungdomsrett og vaksenrett	Einingsleiarar	2020-2021
Utarbeide strategi for å auke rekrutteringa av personar med minoritetsbakgrunn i kommunale stillingar	Kommunen manglar retningslinjer for korleis kommunen kan bidra til eit meir inkluderande arbeidsliv	Einingsleiarar	2020
Gjennomføre opplæring av tilsette i ICDP eller anna foreldrerettleiingsprogram	Gjere ICDP/foreldrerettleiing til eit tilbod til alle føresette som bli busett	Helsestasjon og integreringstenesta	2020-2021
Opprette mor-barn-grupper	Tilbod for foreldre i fødselspermisjon frå introduksjonsprogrammet med musikkpedagog/- terapeut	Kultur og læring	2020
Samarbeid med Allemed-koordinator	Arbeide aktivt for å auke deltaking i fritidsaktivitet	Kultur og læring og andre einingar	2020
Utvikle og utforme tiltak i barnevernet spesielt retta mot familiar med krigs- og fluktraume	Arbeide vidare med tiltak som er hensiktsmessige for familiar med fuktbakgrunn	Barneverntenesta i samarbeid med andre tenester	2020-2023
Læringsmiljøprosjekt i skule og barnehage	Prosjektet har fokus på læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. Prosjektet omfamnar alle barn, men barn med flyktningbakgrunn kan ha spesielt nytte av prosjektet.	Skule og barnehage	2020-2021
Betre informasjonsflyt og kommunikasjon med personar med andre språk	Sikre at informasjon blir formidla på ein måte som gjer at budskapet blir forstått. Fokus på klart språk og bruk av tolk.	Alle	2021-2023
Gjennomføre prosjektet «Flyktningkompetent kommune» med RVTS	Auke kompetansen hos tilsette som arbeidar med flyktningar. Sikre kompetanse i alle ledd. Fokus på psykososial oppfølging, læring og meistring.	Alle	2021-2022
Implementere lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)	Ny lov gjeld for personar busett frå 2021/med rett etter lova frå 2021.	Integreringstenesta og vaksenopplæringa	2021-2023

## Lenker til aktuelle lovar, retningslinjer og planar

[Kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029](#)

[Regjeringens integreringsstrategi 2019-2022](#)

[Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere \(introduksjonsloven\)](#)

[Forskrift om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere](#)

[Høringsnotat: Forslag til lov om integrering \(integreringsloven\) og forslag til endringer i lov om norsk statsborgerskap \(statsborgerloven\)](#)

[IMDi si oppmoding om busetting](#)

[Helsedirektoratet: Helsetjenester til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente](#)

[Utdanningsdirektoratet: Regelverket for minoritetsspråklige 6-16 år](#)